

Leiarskifte ved Spar Uskedalen.

11.05.2020



Mangeårig dagleg leiar, Bente L. Nilsen(t.h.), overlet 1.juni leiaransvaret til Gunn Mari Moberg.

Den 1.juni blir ein merkedag ved Spar Uskedalen. Då trekkjer nemleg dagleg leiar gjennom 30 år, og tilsett i nær 40 år, Bente Lie Nilsen, seg ut av drifta av den populære og veldrivne daglegvarebutikken i bygda vår. Heldigvis er det også ei velkjend og godt omtykt dame som overtar stafettpinnen når Gunn Mari Moberg set seg i leiarstolen.



Denne trioen, Gunn Mari Moberg(f.v.), Kjersti Nilsen og Bente L. Nilsen, kan sjå tilbake på mange trivelege år på butikken på Sanden.

Sidan 1991 har trioen Bente Lie Nilsen, Gunn Mari Moberg og Kjersti Børve eigm og drifta Spar Uskedalen på Sanden. Dei har vore tilknytta fleire kjedeprofilar i perioden, men har vore i SPAR frå 2001. Butikken har utvikla seg til ein særskilt viktig bauta i bygda. Den har vore svært veldriven. Kundane har sett stor pris på det, men det har også blitt lagt merke til langt utanfor Kvinnherad sine grenser. Dei har motteke mange prisar for sin spesielt gode service og si gode drift. Folk som har besøkt bygda har lagt merke til den gode atmosfæren i butikken med den hyggelege betjeninga.

I heile perioden frå 1991 har Bente Nilsen fungert som dagleg leiar, men no skjer det altså endringar. Prosessen starta allereie hausten 2019, og trioen er no klare for at Gunn Mari skal ta steget og ha hovudansvaret for butikken saman med Kjersti. Dei to søstrene overtar no svigerinna sin del i Nilsen Handel AS og eig då kvar sin halvpark.

- Vi overtak eit svært godt fundament etter svigerforeldra mine, Harald og Hjørdis. Vi har bygt vidare på det,stein på Stein, og saman har vi bygd opp ei solid bedrift. Det ligg mykje hardt arbeid bak det å drive butikk, men dette er noko som eg har stortrivst med. Det har vore ein stor del av livet mitt, fortel Bente som no er klar for å trekka seg tilbake etter nærmare 40 år ved butikken på Sanden. I tillegg har ho engasjert seg og hatt verv oppover i systemet, både i SPAR og Norgesgruppen.

- Eg føler meg priviligert som har vore med å utvikla butikken til den vi har i dag, og eg er enormt takksam for alle dei lojale kundane vi har. I snart 40 år har eg jobba på Sanden, og no er tida moden for å trekka seg ut av drifta, det er ei tid for alt.

Heile tida understrekar ho at dette ikkje hadde vore mogeleg utan det gode samarbeidet som dei har hatt i leiartrioen.

- Det har vore kjekt og utviklande å arbeida så tett saman med to så flinke og arbeidssame jenter som Gunn Mari og Kjersti. Eg kan ikkje få fullrost dei nok! Når eg no har valt å trekka meg ut, er det godt å vita at dei vil føra skuta trygt vidare, seier Bente og føyer til lovord om dei andre ho har jobba saman med.

- Dei har vore heilt uunnverlege kvar og ein! Og så har det vore kjekt å oppleva alle ungdommane som har vore innom og jobba her. For dei har jobben her vore eit springbrett ut i arbeidslivet, fortel ho på ein måte som viser at ho har sett pris på alle som ein, før ho plutselig er over på sin eigen oppstart då ho var først i 20-åra.

- Sjølv hadde eg gleda av å ha Hjørdis og Harald som mentorar i mange år frå eg starta i bransjen. Det har alltid lege til grunn for vårt «driv». To fantastiske menneske som har lært meg mykje, og eg er veldig takknemleg for den tillit dei alltid har gitt oss som har drive butikken vidare etter dei.

Det er ein sprek dagleg leiar som trekkjer seg tilbake 1.juni, og eg forstår at ho slett ikkje ser for seg noko vanleg pensjonisttilvære enno.

- Eg er bare 61 år og har mykje energi. Eg har ikkje staka ut kursern vidare, men plutseleg kan det opna seg ei ny dør, avsluttar ho og vi anar at ho kan koma til å bruka driven, dugleiken og kreativiteten sin på eit eller anna prosjekt til glede for andre også i komande år.



Bente L. Nilsen synes det er trygt og godt å trekka seg tilbake når dei to svigerinnene hennar fører skuta vidare.

Vi henvender oss så til dei to som no skal hoppa etter Wirkola for å få deira syn på omorganiseringa. For dei kjem heilt naturleg ros av den avgåande leiaren først:

- Sjølv om Kjersti og eg er fødd inn i butikkdrifta, har vi alltid hatt stor tillit til Bente som vår daglige leiari. Det samarbeidet vi har hatt har vore heilt unikt, startar den komande daglege leiaren. Sidan nyttår har dei hatt ei ryddig overlevering av arbeidsoppgåver.

Vidare understrekar både Kjersti og Gunn Mari at Bente har vore ein tydleg og engasjert leiari. Ho har vore svært sentral i Spar si utvikling og drift.

- Ho har eit stort nettverk innan bransjen og innehavar mykje kunnskap. Sjølv om ho sel seg ut vil vi kunna nytta oss av kunnskapen hennar i lang tid framover.

Dei ser også positivt på åra som kjem for butikken på Sanden:

- Vi er heldige som overtar drifta av ein butikk med gode rutinar og god drift. Vi har og dei beste medarbeidarane. Dei er engasjerte, tar ansvar og yt meir enn forventa. Vi håpar og trur at det er marknad for ein dagligvarebutikk i Uskedalen, seier ny dagleg leiari Gunn Mari Moberg og legg til at Kjersti og ho i alle fall er innstilt på å gjera det dei kan for at det skal vera ein god arbeidsplass og eit godt tilbod til kundane. Eigentleg hadde dei hatt lyst til å markere leiarskiftet med både kake og klem til kundane, men det let seg ikkje gjera i den situasjonen vi har no.

Vi kjem nok framleis til å ha ein daglegvarebutikk i den absolutte eliteklassen i Uskedalen. Dei kjem nok til å landa like godt og vakkert som Wirkola. For oss som kundar er det godt å vita at når ein dyktig leiari trer av, står desse to flotte parhestane klare til å overta. Spar Uskedalen vil nok også i framtida vera det flaggskipet i bygda som vi som bur her kan vera så stolte av!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.